



MØTEPROTOKOLL

Utval: Utvalet for oppvekst og omsorg
Møtedato: 29.09.2015
Møtetid: 15:00 - 16.15
Møtestad: Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert 2 varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Sigmund Dyrhovden (Krf) Heidi Arnesen (Ap)	Bjarne Hauge (Krf) Odd Lønnebakken (Ap)

Andre som var til stades på møtet:
Ass.rådmann Våge

Møteleiar:	Eva Hellevang (H)
Møtesekretær:	Hilde-Lill Våge

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	<u>Ass.rådmann</u> orienterte om at Samnanger har gjennomført tilsyn i barnehagane i kommunen. Det kjem eigen rapport på dette til barnehageeigar. <u>Ordførar</u> orienterte om at det kjem eiga sak til kommunestyret den 14 okt. på organisering av barnevernet.
Utvalet sitt kvarter:	<u>Bjarne Hauge</u> stilte spørsmål om distribusjon av slektsbøker til nedsett pris ut i butikkar, og gje bøker til kommunale institusjonar (sjukeheim, classesett, osb). Eit samrøystes utval slutta seg til dette. Ass.rådmann følgjer opp.
Dokument utlevert i møtet:	

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 05.10.2015

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
012/15	15/755	Faste saker	
013/15	14/256	Etablering av veg- og områdenamn	
014/15	10/279	Samhandlingsreforma - Godkjenning av tenesteavtale 8 om samhandling innan svangerskaps - fødsels - og barselomsorg	
015/15	15/336	TV-aksjonen 2015 - gjennomføring	

SAKNR. 012/15
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

29.09.2015 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Faste saker vart samrøystes vedteke. Sak 15/15 - TV-aksjonen 2015 – vart trekt frå saklista sidan komiteen allereie er sett og godt i gang med arbeidet.

Utvalet sitt kvarter: Bjarne Hauge stilte spørsmål om distribusjon av slektsbøker til nedsett pris ut i butikkar, og gje bøker til kommunale institusjonar (sjukeheim, klassesett, osv). Eit samrøystes utval slutta seg til dette. Ass.rådmann følgjer opp.

OO-012/15 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 013/15
ETABLERING AV VEG- OG OMRÅDENAMN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til vegnamn og områdenamn leggst ut til offentleg ettersyn med heimel i § 6 i Lov om stadnamn i to månader. I tillegg til å kome med fråsegn til skrivemåten, opnar Samnanger kommune for at det kan kome inn fråsegn på namneval.

29.09.2015 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Utvalet ønska ei presisering i vedtaket på at dette gjeld fritidsbustadar. Elles vart tilrådinga samrøystes vedteke.

OO-013/15 VEDTAK:

Framlegg til vegnamn og områdenamn for fritidsbustadar leggst ut til offentleg ettersyn med heimel i § 6 i Lov om stadnamn i to månader. I tillegg til å kome med fråsegn til skrivemåten, opnar Samnanger kommune for at det kan kome inn fråsegn på namneval.

SAKNR. 014/15
SAMHANDLINGSREFORMA - GODKJENNING AV TENESTEAVTALE 8 OM
SAMHANDLING INNAN SVANGERSKAPS - FØDSELS - OG BARSELOMSORG

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune sluttar seg til den reviderte avtalen om samhandling innan svangerskaps- fødsels- og barselsomsorga.

29.09.2015 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

OO-014/15 VEDTAK:

Samnanger kommune sluttar seg til den reviderte avtalen om samhandling innan svangerskaps- fødsels- og barselsomsorga.

SAKNR. 015/15

TV-AKSJONEN 2015 - GJENNOMFØRING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

.

29.09.2015 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Rådmannen sette fram tilleggstilråding: ” TV-aksjonen 2015 – vart trekt frå saklista sidan komiteen allereie er sett og godt i gang med arbeidet. ”

Samrøytes vedteke.

OO-015/15 VEDTAK:

TV-aksjonen 2015 – vart trekt frå saklista sidan komiteen allereie er sett og godt i gang med arbeidet.

